



## MØTEBOK

<b>UTVAL:</b>	<b>ARBEIDSUTVALET I VILLREINEMNDA</b>
<b>MØTESTAD:</b>	Sølv garden hotell & feriesenter, Rysstad
<b>DATO:</b>	02.04.2014 (Sakene blei drøfta 01.04., formelt handsama 02.04.2014)
<b>TIDSPUNKT:</b>	08:00 – 09:00

---

**FASTE MEDLEMMAR TILSTADES:**

Margit Smeland	Leder	ÅMLI
Ola Sukka	Nestleder	SULDAL
Olav Tveita	Medlem	ODDA
Anne Helen Jupskås	Medlem	TOKKE
Leif Roholdt	Medlem	KVITeseID

---

**FASTE MEDLEMMAR IKKJE TILSTADES:**

Oddmund Ljosland	Medlem	ÅSERAL
------------------	--------	--------

---

**VARAMEDLEMMAR:**

Margit Dale	For Oddmund Ljosland	VALLE
-------------	----------------------	-------

---

**ANDRE:**

Tor Punsvik	Ansvarleg fylkesmann
Jørn Haug	Sekretær

---

**MERKNADAR TIL SAKSLISTE/INNKALLING:**

Ingen merknader.

---

Åseral, 7. april 2014

for Arbeidsutvalet i villreinnemnda

## SAKLISTE

<b>Utvalsnr.:</b>	<b>Innhald:</b>	<b>Lukka:</b>
PS 14/9	Referatsaker	
PS 14/10	Godkjenning av bestandsplan 2014 - 2018 og avskytingsplan 2014 for Setesdal Ryfylke villreinområde	
PS 14/11	Tildeling av fellingsløyver 2014 for Våmur - Roan villreinområde	
PS 14/12	Godkjenning av bestandsplan 2014 - 2018 og avskytingsplan 2014 for Setesdal Austhei villreinområde	
PS 14/13	Søknad om utvida jakttid 2014 for Setesdal Austhei villreinområde	
PS 14/14	Eventuelt	



## GODKJENNING AV BESTANDSPLAN 2014 - 2018 OG AVSKYTINGSPLAN 2014 FOR SETESDAL RYFYLKE VILLREINOMRÅDE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
K40	2014/187	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/10	Arbeidsutvalet i villreinemnda	02.04.2014
14/2	Villreinemnda for Setesdalsområdet	02.04.2014

Vedlegg:

- 1 Bestandsplan 2014-2018 SR
- 2 Avskyt 14-4 SR
- 3 Vedlegg til Bestandsplan 2014-2018 SR

### Bakgrunn:

Setesdal Ryfylke villreinlag har utarbeida ny bestandsplan for perioden 2014 – 2018. Sjå vedlegg 1. I tråd med § 20 i hjorteviltforskrifta er det villreinemnda som skal godkjenne bestandsplanen. Villreinlaget søker og om godkjenning av avskytingsplan for 2014. Sjå vedlegg 2. Dette som målretta avskyting etter § 21 i hjorteviltforskrifta.

Til bestandsplanen er det utarbeida eit vedlegg med føremål å gi ein samla oversikt over dei ulike faktorane som verkar på forvaltninga av villrein (vedlegg 3). Vedlegget er meint som eit supplement til bestandsplanen men er ikkje vedteken av styret og lokallag slik som bestandsplanen.

Bestandsplanen føreset godkjenning på årsmøtet i villreinlaget 2.4.2014

§20 i hjorteviltforskrifta stiller følgjande krav til innhaldet i bestandsplan for villrein:

- Målsetting for bestandsstorleik og- utvikling
- Årleg avskytingsplan fordelt på alder og kjønn
- Oversikt over kva bestandsdata som skal samlast inn og kva tiltak som er planlagd gjennomført

## BESTANDSPLAN 2014 - 2018

### *Måloppnåing frå førre planperiode*

- Hovudmålsettinga frå dei to førre planperiodane var å betre samt oppretthalda kvaliteten og kalvetilvekst i stammen. Desse måla synast nå å vera nådd. Det same gjeld målsettinga om å auke stammestorleiken til 3000 dyr, der stammestorleiken vinteren 2013-2014 er rekna til 3200 dyr.
- Del storbukk er i tråd med målsettinga auka til snaue 20%
- Forvaltningsmessig samarbeid mellom Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde har vore viktige i tidligare planperiodar, men er tona ned i den nye bestandsplanen. Dette grunngeven med at det har vore minimalt med trekk av dyr mellom område dei siste åra, samt liten interesse frå Setesdal Austhei om ei samla forvaltning av dei to områda.
- Når det gjeld organisering representerer villreinlaget 68% av teljande areal. Målsettinga om ein høgare organiseringsgrad er ikkje nådd.

### *Målsettingar i bestandsplanen for 2014 - 2018*

#### Hovudmålsetting

*«Forvaltning av villreinbestanden i Setesdal Ryfylke skal i planperioden bidra til en økning av bestanden for at dyrene skal bruke en større del av villreinområdet.»*

#### Delmål bestandsstørrelse

*«Antal villrein i nordområdene skal stabiliseres på ca. 2000 dyr. Antall villrein i sørområdene skal gradvis økes fra antatt 1000 dyr vinteren 2013-2014, til ca. 1500 dyr. Samlet for Setesdal Ryfylke skal ikkje bestanden overstige 3500 dyr.»*

#### Delmål kondisjon

*«Kondisjon og kalvetilvekst skal opprettholdes innenfor et akseptabelt nivå.»*

#### Delmål bestandsstruktur

*«Storbukkandelen (minst 3,5 år) økes opp mot 25% i løpet av planperioden.»*

Virkemiddel for å nå målsettinga er omtala i kap. 5 i bestandsplanen og er knytt til samansetting av kvoter og korttypar, merking og teljing av dyr samt samjakt. Når det gjeld kvoter og korttypar vert det opna for ei differensiering mellom minsteareal og kortfordeling i ulike soner.

I bestandsplanarbeidet har det vore drøfta oppretting av fredningssoner i randområde som har hatt lite villrein dei seinare åra. Dette i kombinasjon med at kort frå fredningssoner kan nyttast i meir sentrale villreinområde. Av ulike årsaker har dette vore vanskeleg å få til, mellom anna fordi det er ein føresetnad at aktuelle område er medlem villreinlaget.

## AVSKYTINGSPLAN 2014

Måla i bestandsplanen ligg sjølvsagt til grunn for avskytingsplanen for 2014. Vesentlege føresetnadar i avskytingsplanen er som følgjer:

- Kjent og antatt fødselsoverskot dei siste åra
- Auka stammestorleik frå 2900 førre vinter (2012/2013) til 3200 dyr denne vinteren (2013/2014)
- Forventa produksjon i 2014 på 800 kalvar
- Fellingsmål vert sett til 500 dyr for å auke vinterstammen opp mot 3500 dyr. Fellingsprosent er sett til 31%.
- Mengde frikort vert redusert for å auke del storbukk
- Auka stammen i sør opp mot 1500 dyr. Stabilisere stammen i nord på 2000 dyr. Av den grunn er kortfordeling og minsteareal ulik i nord og i sør.
- Stammestorleiken i Setesdal Austhei er min. 2000 dyr og vesentleg større enn målet om 1500 dyr.

Ut frå dette er det søkt om totalkvote på 1612 dyr med eit minsteareal i nord på 2,5 km<sup>2</sup> og 5,0 km<sup>2</sup> i sør.

### **Vurdering:**

#### BESTANDSPLANEN

Det er eit monaleg arbeid som ligg bak bestandsplanen og det er eit godt gjennomarbeida dokument som nå ligg føre. Bestandsplanen har og vore ein sentral del av arbeidet i arbeidsgruppe 3 i det pågåande villreinprosjektet i Setesdal Ryfylke.

I vedlegget som følgjer bestandsplanen er det gjeven mykje god og nyttig informasjon om vesentlege faktorar som verkar inn på forvaltninga. Kanskje kunne den vore supplert med utbygging av vindkraft som ein del av det framtidige trusselbiletet for villreinen sine leveområde. Det kan og nemnast at pågåande og framtidige revisjonsprosessar er eit høveleg tidspunkt for å ta opp problemstillinga knytt til villrein og vassdragsregulering.

Villreinlaget skal ha skryt for det grundige arbeidet som er lagt ned i bestandsplanen. Sekretær har inga store innvendingar til denne men vil likevel nytte høvet til å kome med nokre tankar/synspunkt om enkelte delar av planen:

#### *Hovudmålsettinga*

Hovudmålsettinga syner ei vridning frå kondisjonsmål (kvalitet og tilvekst) til auka stammestorleik for at dyra skal ta i bruk ein større del av villreinområdet. Auka stammestorleik er rimeleg enkelt å oppnå. Om dette i neste omgang resulterer i at villreinen tek i bruk ein større del av leveområdet er sjølvsagt meir usikkert og der mange faktorar spelar inn. At ein oppnår denne effekten er likevel å håpe da observasjon av dyr i ein større del av leveområdet er vesentleg for å ta vare på leveområda på sikt.

Sekretær merkar seg elles at hovudmålsettinga legg til grunn tiltak som sikrar og betrar beitegrunnlag og moglegheit for trekk. Vidare er det peika på eit felles ansvar for alle aktørane innan villreinforvaltninga i bidra til slike tiltak. Pågåande villreinprosjekt vil vera viktig i den samanheng.

### *Stammestorleik*

Det vert lagt opp til ei auke i stammestorleiken frå 3200 dyr til 3500 dyr. Av bestandsplanen går det fram at med auka stammestorleik må det kanskje akseptast ein viss reduksjon i kondisjon og kalvetilvekst men at denne ikkje skal vera «vesentleg». Kva som er ein vesentleg reduksjon er ikkje definert nærmare. Uansett understrekar det trongen for ei tett oppfølging av utviklinga av stammestorleik, kondisjon og kalvetilvekst i åra framover.

### *Samjakt*

Bruk av samjakt aukar fellingsprosenten og presisjonen i avskytingsberegningane. I tillegg gir det ein betre fordeling av jakt- og haustingsmoglegheiter mellom rettshavarane. Eit grunnleggjande perspektiv i den samanheng må vera at alt villreinareal har like mykje verdi for å oppretthalda ein sunn og levedyktig villreinstamme. På mange vis er difor gode samjaksordningar vesentleg for ei vellykka forvaltning. På bakgrunn av dette vert villreinlaget oppmoda om å halde fram det offensive arbeidet i høve til å få fleire rettshavarar organisert gjennom villreinlaget, samt utvikle gode samjaksordningar. Sekretær syner elles til den grundige omtalen av samjakt på s. 8 i vedlegg 3.

### *Felles forvaltning Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villrenområde?*

Ei samla forvaltning av Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei er som nemnd i innleiinga tona ned i den nye bestandsplanen. Kanskje er det noko tidleg å gi slipp på målsettinga om ei samla forvaltning. Dyr som kryssa rv 9 nord for Hovden i november/desember 2013 er ein indikasjon på dette, sjølv om desse seinare trakk seg tilbake austover. Det er og eit poeng at villreinstammen på austheia har vore i monaleg vekst dei seinare åra og at dette kan aukar sjansen for at delar av stammen trekk ut.

## AVSKYTINGSPLANEN

Avskytingsplanen byggjer på bestandsplanen. Totalkvota er auka frå 1231 dyr i 2013 til 1612 dyr i 2014.

Sekretær har inga merknad til denne utover vurderingane knytt til bestandsplanen over.

### **Framlegg til vedtak:**

*Med heimel i hjorteviltforskrifta § 20 godkjenner villreinnemnda for Setesdals området bestandsplanen for Setesdal Ryfylke villreinområde 2014 – 2018. Bestandsplanen ligg som vedlegg 1 i saka.*

*Med heimelt i hjorteviltforskrifta § 21 om målretta avskyting, og i tråd med avskytingsplanen frå villreinlaget, gjer villreinnemnda for Setesdalsområdet følgjande kvotevedtak for 2014:*

- *Minsteareal i nord vert sett til 2,5 km<sup>2</sup>, minsteareal i sør vert sett til 5,0 km<sup>2</sup>.*
- *Total kvote vert sett til 1612 dyr fordelt med 748 dyr i nord og 864 dyr i sør*

*Kortfordeling vert som følgjer:*

	Kalv	S/U	Simle	Frie kort
Nord	50%	17%	25%	8%
Sør	50%	15%	25%	10%

## Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 02.04.2014

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Tilråding:

*Med heimel i hjorteviltforskrifta § 20 godkjenner villreinnemnda for Setesdals området bestandsplanen for Setesdal Ryfylke villreinområde 2014 – 2018. Bestandsplanen ligg som vedlegg 1 i saka.*

*Med heimelt i hjorteviltforskrifta § 21 om målretta avskyting, og i tråd med avskytingsplanen frå villreinlaget, gjer villreinnemnda for Setesdalsområdet følgjande kvotevedtak for 2014:*

- *Minsteareal i nord vert sett til 2,5 km<sup>2</sup>, minsteareal i sør vert sett til 5,0 km<sup>2</sup>.*
- *Total kvote vert sett til 1612 dyr fordelt med 748 dyr i nord og 864 dyr i sør*

*Kortfordeling vert som følgjer:*

	Kalv	S/U	Simle	Frie kort
Nord	50%	17%	25%	8%
Sør	50%	15%	25%	10%

## Saksprotokoll i Villreinnemnda for Setesdalsområdet - 02.04.2014

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

*Med heimel i hjorteviltforskrifta § 20 godkjenner villreinnemnda for Setesdals området bestandsplanen for Setesdal Ryfylke villreinområde 2014 – 2018. Bestandsplanen ligg som vedlegg 1 i saka.*

*Med heimelt i hjorteviltforskrifta § 21 om målretta avskyting, og i tråd med avskytingsplanen frå villreinlaget, gjer villreinnemnda for Setesdalsområdet følgjande kvotevedtak for 2014:*

- *Minsteareal i nord vert sett til 2,5 km<sup>2</sup>, minsteareal i sør vert sett til 5,0 km<sup>2</sup>.*
- *Total kvote vert sett til 1612 dyr fordelt med 748 dyr i nord og 864 dyr i sør*

*Kortfordeling vert som følgjer:*

	Kalv	S/U	Simle	Frie kort
Nord	50%	17%	25%	8%
Sør	50%	15%	25%	10%

### Parter i saka:

Setesdal Ryfylke Villreinlag v/Kristian Steine

**Kopi til:**

Setesdal Austhei villreinilag v/Torleif Homme, 4747 VALLE





## TILDELING AV FELLINGSLØYVER 2014 FOR VÅMUR - ROAN VILLREINOMRÅDE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
K40	2014/187	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/11	Arbeidsutvalet i villreinemnda	02.04.2014
14/3	Villreinemnda for Setesdalsområdet	02.04.2014

Vedlegg:

1 1537\_001

### Bakgrunn:

Våmur – Roan villreinlag søker om ei fellingskvote på 100 dyr (vedlegg 1). Kvota vert søkt tildelt som frie kort etter § 20 i hjorteviltforskrifta. Dette er same kvote som i 2013. Det vart da felt 59 dyr (59%). Dette var nok lågare enn det som var ønskjeleg (80%).

For Våmur – Roan er 2014 siste året i gjeldande bestandsplanperiode. I planen er det ei målsetting om ca. 200 vinterdyr. Truleg ligg bestanden noko over dette. Av den grunn er det dei siste åra lagt opp til noko større kvote enn det bestandsplanen tilseier.

Jamfør opplysningar gjeven av leiar i villreinlaget synast samansettinga av stammen å vera rimeleg godt i tråd med målsettinga i bestandsplanen, mellom anna med ein storbukandel på 15%.

### Vurdering:

Våmur – Roan villreinområde vert tildelt kvote i tråd med søknad.

### Framlegg til vedtak:

*I tråd med § 20 i hjorteviltforskrifta gjer villreinemnda følgjande kvotevedtak for Våmur – Roan villreinområde:*

*For 2014 vert kvota sett til 100 dyr. Kvota vert tildelt som frie kort i hht. bestandsplan.*

**Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinemnda - 02.04.2014**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Tilråding:**

*I tråd med § 20 i hjorteviltforskrifta gjer villreinnemnda følgjande kvotevedtak for Våmur – Roan villreinområde:*

*For 2014 vert kvota sett til 100 dyr. Kvota vert tildelt som frie kort i hht. bestandsplan.*

**Saksprotokoll i Villreinnemnda for Setesdalsområdet - 02.04.2014**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

*I tråd med § 20 i hjorteviltforskrifta gjer villreinnemnda følgjande kvotevedtak for Våmur – Roan villreinområde:*

*For 2014 vert kvota sett til 100 dyr. Kvota vert tildelt som frie kort i hht. bestandsplan.*

**Kopi til:**

Våmur – Roan villreinlag v/Jørund Valebjørg



## GODKJENNING AV BESTANDSPLAN 2014 - 2018 OG AVSKYTINGSPLAN 2014 FOR SETESDAL AUSTHEI VILLREINOMRÅDE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
K40	2014/187	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/12	Arbeidsutvalet i villreinemnda	02.04.2014
14/4	Villreinemnda for Setesdalsområdet	02.04.2014

Vedlegg:

1 Bestandsplan SA 14-18

### Bakgrunn:

Setesdal Austhei villreinlag har utarbeida ny bestandsplan for perioden 2014 – 2018. Sjå vedlegg 1. I tråd med § 20 i hjorteviltforskrifta er det villreinemnda som skal godkjenne bestandsplanen. Villreinlaget søker og om godkjenning av avskytingsplan for 2014. Sjå vedlegg 1. Dette som målretta avskyting etter § 21 i hjorteviltforskrifta.

Bestandsplanen føreset godkjenning på årsmøtet i villreinlaget 31.3.2014.

§20 i hjorteviltforskrifta stiller følgjande krav til innhaldet i bestandsplan for villrein:

- Målsetting for bestandsstorleik og- utvikling
- Årleg avskytingsplan fordelt på alder og kjønn
- Oversikt over kva bestandsdata som skal samlast inn og kva tiltak som er planlagd gjennomført

BESTANDSPLAN 2014 – 2018

### Hovudmålsetting

*«Villreinbestanden i Setesdal Austhei villreinområde skal holdes på et nivå som ikkje reduserer beitegrunnlaget og forvaltes på en måte som gir sunne og livskraftige dyr»*

### Delmål bestandsstørrelse

Det er lagt til grunn ein stammestorleik på om 2800 dyr med eit minimum på 2400 dyr, og med eit delmål om at «*Vinterbestanden i Setesdal Austhei skal i perioden reduseres ned mot 1500 vinterdyr*»

### Delmål storbukkandel

«*Storbukkandelen i Setesdal Austhei skal holdes på minst 20%.*»

Ut frå strukturteljning i 2013 verkar storbukkeandelen å ligge kring 25%.

Som virkemiddel for å nå måla i bestandsplanen er det nemnd tilpassa avskyting gjennom årleg avskytingsplan, samt gjennomføring av strukturteljning min. kvart andre år.

### AVSKYTINGSPLANEN 2014

Måla i bestandsplanen er sjølvstakt lagt til grunn for avskytingsplanen. Vesentlege føresetnadar i avskytingsplanen er som følgjer:

- Ein vinterstamme på min. 2400 dyr.
- Forventa kalveproduksjon i 2014 på 675
- Fellingsmål på 800 dyr for å redusere stammen ned mot målet på 1500 dyr
- Del storbukk som er minst like høyt som målsettinga på min. 20%
- Kortefordeling og minsteareal skal vera likt i heile området

Ut frå dette er det søkt om ei totalkvote på 2390 dyr med eit minsteareal på 1,0 km<sup>2</sup>. Forventa fellingsprosent er 40% i nord og 30% i sør. Forventa fellingsprosent er med dette redusert noko frå tidlegare år (45%)

### **Vurdering:**

Sekretær har inga store innvendingar til planen som ligg føre men vil likevel nytte høvet til å kome med nokre tankar/synspunkt til delar av bestandsplanen:

#### *Overvaking av beite*

I bestandsplanen er det lagt vekt på at bestanden skal haldast på eit nivå som ikkje reduserer beitegrunnlaget. For å oppnå dette er det lagt vekt på å redusere stammestorleiken frå nivået i dag. For vurdering av beitegrunnlaget kunne det vera ønskjeleg at overvaking/kartlegging av dette vart teken inn under «*Virkemidler og registrering*» i bestandsplanen.

#### *Oppretthalding av trekk over rv 45 v/Bjørnevatn*

Sekretær støtter fullt ut villreinlaget sin vurdering av at den største utfordringa i villreinforvaltninga er knytt til arealforvaltning. Som villreinlaget er inne på i bestandsplanen har GPS-prosjektet dokumentert viktigheita av trekket over rv. 45 v/Bjørnevatn. Om trekket vert broten vil i praksis nord og sørområda bli delt i to, noko som gir vesentleg endra føresetnadar for villreinstammen på austheia. Dei viktigaste attverande trekkorridorane v/Bjørnevatn ligg i Valle kommune. Det er vesentleg at nemnde problemstilling vert satt høgt på dagsorden i pågåande revidering av kommuneplanen for Valle.

#### *Storbukkandel*

Av bestandsplanen går det fram at del storbukkar truleg ligg kring 25%. Ut frå dette, samt verdien av storbukkar slik det er peika på i bestandsplanen s. 9, ville det kanskje vore naturleg å

auka målsettinga frå 20% til 25% storbukkar. Ei mogleg ulempe er kanskje at det gir færre frie kort, noko som kan redusere attraktiviteten av jakta og dermed redusere den totale fellinga.

#### *Reduksjon i stammestorleiken*

Dei siste 2-3 åra har det vore ønskjeleg å redusere stammestorleiken. I den nye bestandsplanen er det teken inn ei målsetting om å redusere stammestorleiken frå 2800/2400 dyr til 1500 dyr. Ein reduksjon er naturleg nok ikkje alltid like enkelt i praksis, der mellom anna værtilhøva i jakta samt tidspunkt for trekk frå sør til nord spelar inn. I bestandsplanen burde det vore vurdert tiltak for korleis ein kan auke fellingsprosenten. Auka bruk av samjakt er vesentleg i den samanheng. For 2013 vart det forsøkt med utvida jakttid for austheia. Dette bidrog til noko auka felling men er likevel eit verkemiddel som bare skal nyttast unntaksvis.

#### AVSKYTINGSPLANEN

Avskytingsplanen byggjer på bestandsplanen. Totalkvota er på 2390 dyr. Dette er tilsvarende som i 2013. Sekretær har inga merknad til dette utover vurderingane knytt til bestandsplanen over.

#### **Framlegg til vedtak:**

*Med heimel i hjorteviltforskrifta § 20 godkjenner villreinnemnda for Setesdalsområdet bestandsplanen for Setesdal Austhei villreinområde 2014 – 2018. Bestandsplanen ligg som vedlegg 1 i saka.*

*Med heimelt i hjorteviltforskrifta § 21 om målretta avskyting, og i tråd med avskytingsplanen frå villreinlaget, gjer villreinnemnda for Setesdalsområdet følgjande kvotevedtak for 2014:*

- *Minstearealet vert sett til 1,0 km<sup>2</sup>*
- *Total kvote vert sett til 2390 dyr.*

*Kortfordeling vert som følgjer:*

Kalv	S/U	Simle	Frie kort
40%	25%	20%	15%

*Villreinnemnda oppmodar villreinlaget om å vurder tiltak for å betre fellingsprosenten og såleis nå målet om reduksjon i stammestorleiken.*

#### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 02.04.2014**

Arbeidsutvalet fremma ny tilråding som vart samrøystes vedteke:

## Tilråding:

Villreinnemnda godkjenner avskytingsplanen for 2014 slik det vert søkt om. Det vert gjort følgjande kvotevedtak for 2014:

- Minstearealet vert sett til 1,0 km<sup>2</sup>
- Total kvote vert sett til 2390 dyr.

Kortfordeling vert som følgjer:

Kalv	S/U	Simle	Frie kort
40%	25%	20%	15%

Om villreinlaget ønskjer å auke avskytinga gjennom reduksjon i minstearealet vert det gjeven frist til 1. mai for å søke om dette.

Før godkjenning av bestandsplanen må det gjerast ei drøfting og vurdering av tiltak for å nå målsettingane i planen. Arbeidsutvalet ønskjer ein nærmare dialog med villreinlaget for drøfting av bestandsplanarbeidet.

## Saksprotokoll i Villreinnemnda for Setesdalsområdet - 02.04.2014

Arbeidsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke:

### Vedtak:

Villreinnemnda godkjenner avskytingsplanen for 2014 slik det vert søkt om. Det vert gjort følgjande kvotevedtak for 2014:

- Minstearealet vert sett til 1,0 km<sup>2</sup>
- Total kvote vert sett til 2390 dyr.

Kortfordeling vert som følgjer:

Kalv	S/U	Simle	Frie kort
40%	25%	20%	15%

Om villreinlaget ønskjer å auke avskytinga gjennom reduksjon i minstearealet vert det gjeven frist til 1. mai for å søke om dette.

Før godkjenning av bestandsplanen må det gjerast ei drøfting og vurdering av tiltak for å nå målsettingane i planen. Arbeidsutvalet ønskjer ein nærmare dialog med villreinlaget for drøfting av bestandsplanarbeidet.

### Parter i saka:

Setesdal Austhei villreinlag v/Torleif Homme

**Kopi til:**

Setesdal Ryfylke villreinlag v/Svein Olav Stegarud



## SØKNAD OM UTVIDA JAKTPERIODE 2014 FOR SETESDAL AUSTHEI VILLREINOMRÅDE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
K00	2013/195	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/13	Arbeidsutvalet i villreinemnda	02.04.2014
14/5	Villreinemnda for Setesdalsområdet	02.04.2014

Vedlegg:

- 1 Søknad om utviding av jakttida i 2014
- 2 Søknad om utviding av jakttida i 2014

### Bakgrunn:

Setesdal Aushei villreinlag har søkt om å få utvida jaktperioden for villreinjakta hausten 2014 fram til og med 7.10.2014. Sjå vedlegg 1 og 2. Styret har gått inn for utviding av jaktperioden med 7 dagar, men det har og komen innspel til årsmøtet for utviding med 14 dagar. Årsmøtet i villreinlaget skal handsame saka 31.3.2014.

Grunngjeving for søknaden er at laget i framlegg til bestandsplan for 2014 – 2018 har lagt opp til ein reduksjon i stammen ned mot om lag 1500 vinterdyr. Dei siste åra har ein ikkje nådd ønskeleg fellingsresultat og utviding av jaktperioden kan difor vera eit verkemiddel for å auke avskytinga. Villreinlaget syner elles til positive erfaringar med utvidinga av jaktperiode i 2013 der det vart felt 36 dyr.

Heimelsgrunnlaget for utviding av jaktperioden er § 3 pkt. 4 i Forskrift om jakt- og fangsttider. I tråd med denne kan villreinemnda utvide jaktperioden for villrein med inntil 14 dagar i løpet av oktober månad når særlege bestandsmessige behov ligg føre.

Villreinemnda handsama tilsvarande søknad i 2013. Det vart da gjort følgjande vedtak:

*«Villreinemnda syner til grunngjevinga i søknaden og gir løyve til utvida jakttid for Setesdal Austhei fram til og med 7.10.2013. Dette som ei prøveordning for eitt år. Villreinemnda gir råd om å få til auka bruk av samjaktavtalar.»*

### Vurdering:



Det er positivt at villreinlaget ønskjer å sette i verk tiltak for å betre fellingsresultatet slik at stammestorleiken vert redusert i tråd med måla i bestandsplanen. Ordninga må og kunne seiast å ha fungert rimeleg godt i 2013 med 36 felte dyr (6% av totalt felte 601).

Som nemnd er det ein føresetnad for utviding av jaktperioden at det er *særlige bestandsmessige behov*. Det er likevel tvilsamt om dette er meint som eit generelt verktøy for å betre fellingsresultata. Jakt ut i oktober kan og vera uheldig med omsyn til dyra sin førebuing til vinteren. I tillegg er brunsten i full gang og mange av bukkane vil ikkje vera egna til menneskjeføde

Som det vart peika på ved handsaminga av søknaden i 2013 er det grunn til å tru at auka bruk av samjaktavtalar kan vera eit vel så godt verkemiddel for å auke avskyting. Sekretær er ikkje kjent med i kva omfang det har vore arbeida med slike ordningar det siste året. Samjakt er heller ikkje nemnd særskilt i den nye bestandsplanen og avskytingsplanen. Når det er sagt har ein forståing for at det kan ta tid å få til slike ordningar.

I vedtaket om utviding av jaktperioden i 2014 la villreinnemnda vekt på at dette var ei prøveordning for eitt år. I tillegg ga den råd om få til auka bruk av samjaktavtalar.

Ut frå grunngeving som nemnd over bør ikkje jaktperioden på austheia utvidast for 2014.

### **Framlegg til vedtak:**

*Villreinnemnda syner til søknaden frå Setesdal Austheia villreinlag om utvida jaktperiode med 7 eventuelt 14 dagar i oktober 2014. Villreinnemnda avslår søknaden med følgjande grunngeving:*

- *Villreinnemnda legg vekt på bruk av samjaktavtalar som verktøy for å betre fellingsresultata.*
- *Jakt ut i oktober kan vera uheldig med omsyn til dyra sin førebuing til vinteren. I tillegg er brummen i full gang og mange av bukkane vil ikkje vera egna til menneskjeføde.*

### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 02.04.2014**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Tilråding:**

*Villreinnemnda syner til søknaden frå Setesdal Austheia villreinlag om utvida jaktperiode med 7 eventuelt 14 dagar i oktober 2014. Villreinnemnda avslår søknaden med følgjande grunnngjeving:*

- *Villreinnemnda legg vekt på bruk av samjaktavtalar som verktøy for å betre fellingsresultata.*
- *Jakt ut i oktober kan vera uheldig med omsyn til dyra sin førebuing til vinteren. I tillegg er brumsen i full gang og mange av bukkane vil ikkje vera egna til menneskjeføde.*

## **Saksprotokoll i Villreinnemnda for Setesdalsområdet - 02.04.2014**

*Framlegg:*

Bertin Bjåen:

Jakta vert utvida med ei veke som omsøkt.

*Votering:*

Framlegg frå Bertin Bjåen fekk ei røyst (B. Bjåen). Resten stemte for arbeidsutvalet si tilråding.

*Protokolltilførsel:*

Kay Jeiskelid:

«Som grunnlag for å avslå søknaden om utvida jakttid vert det lagt vekt på argumenta i framlegg til vedtak samt dei momenta som vart trekt fram av ansvarleg fylkesmann Tor Punsvik:

- Ved ei utvida jakttid er det tvilsamt om det reint juridisk er høve til å sette avgrensing på type dyr, til dømes bukk.
- Utvida jakttid er eit verkmiddel som føreset *særlege bestandsmessige behov*. Det er tvilsamt om ordninga er meint å skulle fange opp situasjonen på austheia.
- Det synast lite logisk å nytte ordninga med utvida jakttid første året i bestandsplanperioden.»

## **Vedtak:**

*Villreinnemnda syner til søknaden frå Setesdal Austheia villreinlag om utvida jaktperiode med 7 eventuelt 14 dagar i oktober 2014. Villreinnemnda avslår søknaden med følgjande grunnngjeving:*

- *Villreinnemnda legg vekt på bruk av samjaktavtalar som verktøy for å betre fellingsresultata.*
- *Jakt ut i oktober kan vera uheldig med omsyn til dyra sin førebuing til vinteren. I tillegg er brumsen i full gang og mange av bukkane vil ikkje vera egna til menneskjeføde.*

Protokolltilførsel:

«Som grunnlag for å avslå søknaden om utvida jakttid vert det lagt vekt på argumenta i framlegg til vedtak samt dei momenta som vart trekt fram av ansvarleg fylkesmann Tor Punsvik:

- Ved ei utvida jakttid er det tvilsamt om det reint juridisk er høve til å sette avgrensing på type dyr, til dømes bukk.
- Utvida jakttid er eit verkmiddel som føreset særlege bestandsmessige behov. Det er tvilsamt om ordninga er meint å skulle fange opp situasjonen på austheia.
- Det synast lite logisk å nytte ordninga med utvida jakttid første året i bestandsplanperioden.»

**Parter i saka:**

Setsdal Austhei villreinlag v/Torleif Homme, 4747 VALLE

**Kopi til:**

Miljødirektoratet  
Fylkesmannen i Aust-Agder  
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Svein Olav Stegaru  
SNO v/Reidar Sandal



## EVENTUELT

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
C83	2014/11	Jørn Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/14	Arbeidsutvalet i villreinemnda	02.04.2014

### Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinemnda - 02.04.2014

#### Medlemskap i villreinrådet:

Inga av villreinlaga i våre område er med i villreinrådet. Arbeidsutvalet tilrår at villreinemnda sponsar medlemskontigent. Føreset at villreinlaga har ein reell interesse for å delta.

Nemnd og villreinlag vart informert om dette. Villreinlaga tar kontakt om dei er interessert.

#### Diverse saker vedk. valdstruktur og tildeling:

Sekretær synte til diverse saker som var komen inn den siste tida. Må handterast i tråd med forskrift men arbeidsutvalet må få sakane delegert frå villreinemnda slik at dei kan handsamast innan gjeldande fristar.